

Meir enn dobla kinobesøk

Film & Kino-sjefen trur norske kinogjengarar vil slå besøkstalet for i fjor, etter at september månad blei meir enn dobbelt så god som året før.

I september blei det selt 765.000 kinobilletter i Norge, ein auke på 59 prosent, samanlikna med same månad i fjor.

Med det er det samla billett-

let for året oppe i nesten 5,5 millionar billetter, litt meir enn på same tid i fjor. Det gjer administrerande direktør Espen Pedersen i bransjeorganisasjonen Film & Kino optimistisk for å kunne slå fjorårets total på 8,2 millionar.

– Ja, det er all grunn til at vi skal slå 2024 når det gjeld sal av kino-billetter, seier han i ei pres-

semelding. Etter dei ni første månadane i år er «En Minecraft-film» den mest sette filmen i Norge i år, 431.280 selde billetter.

– «Affeksjonsverdi» vil mest sannsynleg i løpet av nokre dagar passere «Kaptein Sabeltann og Grevinnen av Gral» og bli den mest sette norske filmen på kino hittil i år, seier Pedersen.(NPK)

Barnegospel feirar 40 år

Komande laurdag 4. oktober blir det jubileums-konsert i Nordsida kyrkje for Nordsida Barnegospel, som er 40 år i år.

Arrangørane oppfordrar alle til å kome og bli med på allsong-konsert og mimring, skriv Hilde-Caroline Roset og resten av leiargjengen. Etter konserten blir det bursdagskake til alle som møter opp.



Astrid Rimmereide er leiar for arrangementskomiteen i Torskangerpoll musikk-lag. FOTO: PRIVAT

Festival vil inspirere unge korpsmusikantar

Over 70 skulekorps-musikantar frå heile Nordfjord er invitert til Stormfestivalen i Måløy 25. oktober.

KJELLRUN ÅSEBØ
kjellrun.asebo@fjt.no

– Vi håpar underholdningskonkurransen vil inspirere, seier leiar i Torskangerpoll musikk-lag, Erling Wåge.

– Etter pandemien i 2020 er det mange korps, spesielt skulekorps, som har streva med laber oppslutning. Det har vore vanskeleg å rekruttere barn og unge. Vi prøver å gjere noko med det når vi om under ein månad skal arrangere nye Stormfestivalen, seier Wåge.

Torskangerpoll musikk-lag samarbeider med NMF Nordvest om Stormfestivalen. Dette er ein underholdningskonkurransen for vaksenkorps som skal skje i Samfunnshallen på Tennebø på dagtid.

Dette er første konkurransen for vaksenkorps i Sogn og Fjordane etter pandemien i 2020.

– Vi er godt fornøgde med responsen. Sju korps og over 200 musikantar er påmelde. Alle korpsa skal framføre eit underholdningsprogram på 15 minutt. To dommarar skal vurdere og rangere korpsa ut frå underholdningsverdien.

Skulekorps i Nordfjord

Representantar for Torskangerpoll har vore rundt i fleire sku-

lekorps i Nordfjord og snakka om festivalen. Alle skulekorps-musikantane er inviterte til å komme å høyre på konkurransen.

– Vi håpar dette kan inspirere dei til å spele i korps når dei ser kva som er mogleg å få til av underhaldning. Mange vaksenkorps har vore flinke å få med seg nokre av dei eldste skulekorpsmusikantane slik at dei kan få litt fleire utfordringar. Vi veit det blir mange unge som skal vise seg fram på konkurransen, seier Wåge.

Konkurransen i Samfunnshallen er open for publikum. Konsertane vil gå føre seg på dagtid 25. oktober.

– Kvart korps er utfordra på å framføre eit artig underholdningsprogram. Det er underhaldninga som tel, seier Astrid Rimmereide i Torskangerpoll musikk-lag, leiar for den nye Stormfestivalen.

– Vi har oppfordra korps til å slå seg lause og vere opptatte av å underhalde publikum og alle deltakarane på festivalen. Vi håpar at vaksenkorpsa også kan inspirere og lære litt av kvarandre, seier ho. Om kvelden blir det eit arrangement for deltakarane med premiar og sosialt.

Desse korpsa er med på festivalen: Kjølsdalen musikk-lag, Måløy musikk-lag, Nordfjord janitsjar, Fagforeningens Musikk-lag, Ørsta, Hornmusikk, Førde Musikk-lag og Gloppen Janitsjar.



Styret i Utvik ungdomslag: Bak frå venstre: Robin Sørland, Veronika Holvik Skrede, Jens Hage, Remi Sørland. Framme frå venstre: Sandra Walaker, Renate Lillevik Kjellelvold, Jon Flatjord. FOTO: PRIVAT

Lokalt engasjement med Rosa Sløyfe-løp

Oktober er Rosa Sløyfe-månaden, og det lokale engasjementet er stort til støtte for brystkreft-saka. Både i Utvik og på Nordsida blir det Rosa Sløyfe-løp.

SIGRID HEGGESTAD
Sigrid.heggestad@fjordingen.no

Over heile Nordfjord er det Rosa Sløyfe- arrangement i løpet av månaden.

I Utvik har Renate Lillevik Kjellelvold teke initiativ til å arrangere Rosa Sløyfe-løp for brystkreft-saka laurdag 18.oktober. På Nordsida har Oda Elise Sølvberg Slettenes gjort akkurat det same, med både løp og arrangement laurdag 11.oktober.

Rosa Sløyfe- bussen kjem utanfor Stryn Torg tysdag 7. oktober.

Løp i Utvik

Laurdag 18.oktober arrangerer Utvik ungdomslag Rosa Sløyfe-løp i Utvik.

– Det er eit lavterskelløp, der ein kan velge både lengde og tempo på løpet sjølv. Du kan gå, springe eller trille. Det er ikkje noko fokus på kor langt eller fort ein spring, men å spreie merksemd rundt brystkreftsaka, fortel Kjellelvold.

På programmet står 6km og 3km-løype, open kafe i Urda-brunn og avslutning med utdeling av tilfeldig trekte premiar til deltakarane.

Alle er hjerteleg velkomen til å delta på arrangementet sjølv om ein ikkje er med i løpet.

Om kvelden opnar Urda-brunn til rosa afterparty, der Torbjørn Gran og Åge Nygård spelar opp til dans.

– Vi håpar å sjå mange i Utvik denne dagen, oppfordrar Utvik ungdomslag.

Løp på Nordsida

Laurdag 11.oktober blir det Rosa Sløyfe-løp på Nordsida, start og mål ved Coop Fjelli.

Løpet blir eit lavterskelløp for absolutt alle, der ein kan gå, springe, trille barnevogn, gå med rullator eller sykle.

Ruta på om lag 3 km går rundt Sølvbertunet og Sagehaugen, med mulegheit for å gjere den kortare eller lenger.

Ved målgang blir det kiosk til inntekt for brystkreftforskninga, og fleire premiar.

– Vi arrangører Rosa Sløyfe-løp for å auke fokuset på brystkreftsaka. Det viktigaste er at vi har det kjekt i lag, samtidig som vi er i aktivitet og bidreg til livsviktig forskning på brystkreft. Vi håpar å sjå deg på eit av årets viktigaste løp, dette blir ein knall dag, oppfordrar arrangørane ved Oda Elise Sølvberg Slettenes og June Alette Slettenes.